

# MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 20.30
Aurland	Fjellstyret	Fjordsenteret	22.11.23	

## TIL STADES PÅ MØTET

**Medlemar** Erling Nesbø, Bjørn Ebne, Reidun Bøe Bjørgum, Tor Olav Kvam.

**Vara-  
medlemar** Eirik Sønnerheim

**Andre** Harald Skjerdal

## HANDSAMA SAKER

Sak nr./år  
27/23, 28/23, 29/23, 30/23, 31/23, 32/23.

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

## UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til  
Fjellstyremedlemene og varamedlemene.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 22.11.23

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 27/23. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker låg føre:

- 1) Møtebok frå fjellstyremøtet den 15. august
- 2) Fellingsstatistikk for reinsjakta 2023
- 3) Rapport frå strukturteljinga av rein i Nordfjella okt.-nov. -23
- 4) CWD-status etter jakta 2023 – figur frå Veterinærinstituttet 24.10.23
- 5) 6.11: Brev frå Aurland kommune med melding om val av fjellstyre
- 6) 6.11: Brev frå Aurland kommune om kommunedelplan for kulturarv 2024-33, Høyring med høyringsfrist 18.12.
- 7) Møte halde den 14.11. om ny partnerskapsavtale om fiskedagar mellom fjellstyret og skulane i Aurland for 2024 – 2028. Avtaleutkast motteke – vert sak til neste møte i fjellstyret.
- 8) Møte halde den 9.11. med verneområdeforvaltar Annbjørg Nornes om skjøtselstiltak i Nordheimsdalen.
- 9) Hjortejakta i Nordheimsdalen - felling så langt i år
- 10) Boka «Villrein i lys og skygge» av Per Aksel Knudsen er innkjøpt. Boka vart delt ut til fjellstyremedlemene.
- 11) Invitasjon til dialogmøte mellom verneområdestyret og rådgjevande utval for Nærøyfjordområdet torsdag den 30.11. Harald møter på dette.
- 12) Tid og stad for fjellstyremøte i desember. Møtedato vert **6. desember**, det skal undersøkast om Flåm Marina kan ta på seg møte med servering den kvelden.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 22.11.23

Stad: Fjordsenteret

---

Sak 28/23. Ny 420 kv-leidning gjennom gjennom Aurland nordre statsallmenning - erstatningsspørsmål

Saksutgreiing låg føre.

### **Handsaming i møtet:**

Det vart orientert om e-postkorrespondanse siste dagane med Norges fjellstyresamband, advokatfirmaet Harris og Statnett.

Fjellstyret meiner at erstatninga som vert tilboden for den delen av linjestrekninga som går gjennom statsallmenning bør fordelast i samsvar med nivået på den økonomiske aktiviteten dei to partane – fjellstyret og Statskog – har i dette området, t.d. dei siste 5 åra.

### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret avventar svar frå Statnett med informasjon om erstatningstilbod for den delen av 420-kv-lina som går gjennom Aurland nordre statsallmenning.

Fjellstyret koplar på advokaten som det er oppretta avtale med, for å drøfta spørsmål kring erstatningstilbod, eventuell fordeling av erstatning mellom Statskog og fjellstyret, om tilbodet er godt nok til å godtakast, eller om ein heller bør gå for skjønn.

Fjellstyret meiner at erstatninga som vert tilboden for den delen av linjestrekninga som går gjennom statsallmenning bør fordelast i samsvar med nivået på den økonomiske aktiviteten dei to partane – fjellstyret og Statskog – har hatt i dette området, t.d. dei siste 5 åra.

Sak 29/23. Spørsmål frå Statskog SF om fjellstyret vil overta jaktbu ved Svarterandane

Saksutgreiing med vedlegg låg føre.

### **Handsaming i møtet:**

Ein e-post frå Rune Aasen, om framtidig vedlikehald av bua, vart framlagd i møtet.

### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret går inn for å overta bu ved Svarterandane med fnr. 9009, for å disponera denne som jakt- og fiskebu open for ålmenta. Fjellstyret melder til Statskog SF at utvisingsforretning kan gjennomførast i medhald av § 35 i Fjellova.

Fjellstyret held det likevel ope at det på eit seinare tidspunkt kan vurderast fjerning av bua, dersom dette, t.d. gjennom tiltaksplanen for villrein i Nordfjella, vert sett som eit viktig tiltak for å letta reinstrekka i området.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 22.11.23

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 30/23. Søknad frå Steinbergdalshytta om felles bruk av snøskuter

Saksutgreiing vedlagt søknad frå Steinbergdalshytta låg føre.

#### **Handsaming i møtet.**

Fjellstyret ser ein fare for at det vil kunna oppstå praktiske ulemper for fjelloppsynet dersom det vert inngått ein avtale om sambruk av snøskuter. Dette vert lagt til i vedtaket, som grunngeving for avslag.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret ynskjer ikkje å inngå nokon avtale om sambruk av snøskuter, slik Steinbergdalshytta v/Solveig Kvakestad har søkt om. Fjellstyret ser ein fare for at det vil kunna oppstå praktiske ulemper for fjelloppsynet dersom det vert inngått ein avtale om sambruk av snøskuter.

### Sak 31/23. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2024

Saksutgreiing med framlegg til oppsynsbudsjett låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

Det framlagde oppsynsbudsjettet for 2024 vert godkjent og oversendt Statskog SF.

### Sak 32/23. Val av revisor for fjellstyret

Saksutgreiing vedlagt tilbod frå revisorfirmaet Blåberg AS låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

Steinar Arild Loven, Blåberg AS, vert engasjert som Aurland fjellstyre sin revisor, på grunnlag av tilbodet han gav fjellstyret den 22.9.23.